



Jimmy Øvredal, kjend som Villmarkens Søn, kjem til hyttejubileet laurdag 20. mai.

Jimmy Øvredal, også kalla Villmarkens Søn, kjem til Uskedalen 20. mai for å vera med på hyttejubileet på fjellet. Hyttestyret går no ut med eit variert og innhaldsrikt program for markeringa. Jimmy Øvredal er mellom anna kjend som radiokåsør i NRK sitt program Ut i natuen. Han er fjellmann, hobbyorintolog og har drive med ringmerking av fugl i meir enn 40 år. På Fjelly vert det kåseri og andre innslag av Øvredal.

Jimmy Øvredal (f. 1940) har ved fleire høve vore i Uskedalen,- på eldrefest i Helgheim og på tilskipingar i Dønhaugkjedlaren. Kona hans Åslaug (døydde 2016), frå Rommetveit på Stord, har slekt på Kjærland i Uskedalen.

Jimmy Øvredal er forfattar, radiokåsør, lærar og friluftsmenneske. Han spelar toradar og trekkspel og har vore aktiv i spelemannslag og trekkspelklubb. Han har skrive og gitt ut meir enn 10 diktsamlingar. Mange av dikta hans er tonesett og laga musikk til. Tekstane *Datakjerring* og *Nilsèn i Bakkjen* er kjende og mykje brukte.

Øvredal vart i 2010 tildelt Kongens fortjenestemedalje for sitt store natur- og samfunnsnyttige arbeid.

Meir om programmet 20. mai ,- med påmeldingar og informasjon kjem som eige innlegg på nettsida.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Frå nettsida Os - variert landskap der fjord og kyst møtest (med løyve frå Øvredal)